



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8143-1

## **Utkast årsmelding 2015 - fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Vedlegg:  
Årsmelding 2015 - utkast

### **SAKSFRAMSTILLING**

#### **1. Samandrag**

Årsmeldinga skal gi ei nøktern oversikt over rådet sitt føremål, samansetjing og aktivitetar i året som har gått.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ for fylkeskommunale, fylkesstatlege og kommunane i saker som vedkjem dei funksjonshemma. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp. Rådet kan også på eige initiativ ta opp saker som er viktig for funksjonshemma.

#### **Overordna målsetjingar**

- Fremja likestilling på alle samfunnsmiljø
- Leggja til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- Ivareta og vidareutvikle funksjonshemma sine rettar
- Fremje desentraliserte, integrerte og koordinere tenester

Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne vart vedteken av Stortinget 17. juni 2005 med verknad frå 01.01.2008.

Etter denne lova skal alle kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller annan representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkesrådet for funksjonshemma har valt Arbeid for alle – også funksjonshemma som hovudfokus i denne val-perioden.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemer til nemnder o.a.

Valperioden 2011 – 2015 vart fylgjande valt som medlem av fylkesrådet for funksjonshemma:

Norunn Lunde Furnes - politikar	varamedlem er: Ragnar Eimhjellen
Odd Atle Stegegjerdet - politikar	varamedlem er: Randi Rønneklev Melvær
Sofrid Lillebø - FFO	varamedlem er: Gerd Bjørkedal
Geir Liavåg Strand - FFO	varamedlem er: Alfred Brusegard
Sofrid Fossberg - SAFO <sup>ii</sup>	varamedlem er: Gry Sætre

Leiar av fylkesrådet er Norunn Lunde Furnes  
Nestleiar er Odd Atle Stegegjerdet

#### **4. Konklusjon**

Dei faktiske aktivitetane rådet har delteke på og gjennomført t.o.m. august 2015, kjem fram i sjølve meldinga. Rådet vil drøfte dette innhaldet på sitt møte 22. september, og medlemmene vil kome med innspel til kva som bør vere med i årsmeldinga. Sekretariatet redigerer i årsmeldinga i etterkant. Eit meir utfyllande utkast til årsmelding vert lagt fram på siste møtet i november.